



Kompetanse

Kunstopplevingar og danningsprosesser

Eit av dei overordna måla for Den kulturelle skolesekken (DKS), er at ordninga skal bidra til dannning og utdanning for barn og unge, slik dette er formulert i overordna del av læreplanen og i læreplanar i fag. Her kan du lese litt om korleis du som lærar kan utnytte kunst- og kultur opplevingar frå DKS i danningsoppdraget.



Kunstopplevingar og danningsprosesser

Av: Elisabeth Hovde Johannesen og Tone Cronblad Krosshus



Grunnskulelærarstudentar ved USN campus Notodden deltar i prosjektet DKS + lærarutdanning = Sant.

Kvifor er kunst viktig?

Kunst er viktig fordi han handlar om livet. I møte med kunst får elevar uavgrensa høve til å erfare og oppleve. Kunst inviterer til å utforske eksistensielle tema som skam, venskap og utanforskap fordi ho viser fram ulike sider ved slike fenomen. Kunst kan gjere det ukjende kjent eller det kjende ukjent. Kunst kan utfordre etablerte sanningar, innforståtte haldningar og bidra til forståing og refleksjon omkring nedarva verdiar. Slik kan møte med kunst få oss til å tenkje nytt om noko vi trudde vi forstod, eller få oss til å stille spørsmål til noko vi trudde vi visste.

Innhald

- Kvifor er kunst viktig?1
- Kva er ei kunstoppleving?2
- Kva har kunst med dannning å gjøre?2
- Korleis kan lærarar leggje til rette for kunstopplevingar?2
- Korleis kan lærarar gjere kunstopplevingar til danningsprosesser?2
- Tips til lesing:2

Prosjektinformasjon3

- Artikkelforfattarar3
- Kulturtanken3

Kva er ei kunstoppleving?

Alle som har vore oppslukte av ei bok, gripne av ein film eller gripne av musikk, har hatt ei kunstoppleving. Desse opplevingane er vanskelege å skildre med ord. Dei er kroppslege, personlege, emosjonelle og kognitive på ein gong. Derfor blir kunstopplevingar omtalte som samansette og komplekse.

Den kulturelle skolesekken (DKS) lèt alle elevar møte kunstuttrykk som film, litteratur, musikk, scenekunst, visuell kunst og kulturarv, ofte også kombinasjonar av desse uttrykka. Eit DKS-besøk gjev høve til både individuelle og kollektive kunstopplevingar. Derfor har slike besøk eit stort pedagogisk potensial.

Kva har kunst med danning å gjere?

Den overordna delen av læreplanverket legg vekt på det ansvaret skulen har for danninga til elevane. Målet er å utruste elevar til å leve i fridom, sjølvstende, ansvar og medmenneskelegdom. Skulen skal danne elevar til å forstå seg sjølve, andre og verda, og til å gjere gode val.

Kunstopplevingar har særleg verdi for danning, der ein kan leggje vekt på to aspekt.

Det første er sjølvoverskriding, som handlar om kva evne elevane har til å møte det som er framandt. Å oppmuntre til nysgjerrigkeit og å ta perspektivet til andre kan øve opp ei slik ferdighet.

Det andre er kritisk tenking, som handlar om evne til å tenkje fritt. Å øve opp kritisk tenking er det motsette av å øve opp kunnskap som er målstyrta og førehandsbestemta. Ein tanke som er fri, tilpassar seg ikkje til tillærte konvensjoner og reknar ikkje noko som sjølv sagt, men utforskar og sprengjer grenser.

Korleis kan lærarar gjere til rette for kunstopplevingar?

Alle barn har rett til kunst. Derfor er DKS-besøk pålagt på alle skular. Når vaksne les bok, ser film eller lyttar til musikk, gjer dei dette frivillig. Elevar blir derimot tvinga til kunsten.

Til forskjell frå kunstmøte kan ikkje kunstopplevinga tvingast på. Dette er eit pedagogisk paradoks som gjer didaktiske spørsmål relevante: Korleis kan ein motivere, inspirere og

gjere elevane nysgjerrige? Og korleis kan ein gjere DKS-besøk meiningsfulle for elevar? Ei pedagogisk tilnærming til kunstopplevingar, handlar om å øve elevane si evne til

- å oppleve (ferdigheit)
- å kommunisere om opplevingar (kunnskap)
- å reflektere over opplevingar (kompetanse)

Korleis kan lærarar gjere kunstopplevingar til danningsprosessar?

Lærarar kan bruke kunstopplevingar til å skape tolkingsfellesskap og ueinigheitsfellesskap. Det handlar om å leggje til rette for at elevar kan ha ulike forståingar og ulike opplevingar i møte med DKS. Den pedagogiske innramminga av DKS-besøk er viktig. Det bør leggjast til rette for individuelle opplevingar, samtidig som dei også må kunne utforskast i eit klasseromsfellesskap, gjerne før og etter kunstopplevingane.

Med utgangspunkt i kunstopplevingar kan lærarar skape situasjonar der ytringsmangfald får verdi. Saman med DKS kan lærarar skape samansette og komplekse læreprosessar der sjølvoverskriding og kritisk tenking kan øvast opp.



Tips til lesing:

- Hohr, H. (2018). Opplevelse som pedagogisk oppgave – om «å sette lek på verden». M. Wright og T. Kvernbekk. *Barn og deres voksne*. Cappelen Damm Akademisk.
- Røed, K. (2019). *Kunsten og livet – en bruksanvisning*. Flamme forlag.
- Nordstoga, S. og Kruse, K.L. (2014). *Den moglege sjølvoverskridinga – norskfaget som danningsfag*. Abstrakt forlag.

Prosjektinformasjon

Kunstopplevingar og danningsprosessar er produsert på oppdrag frå Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg (DKS). Teksten er eit bidrag til utviklingsprosjektet *DKS på digitale læringsplattformer*. Eit av tiltaka i prosjektet er å tilgjengeleggjere innhald frå og om DKS på læringsplattformer som blir nytta av elevar og lærarar i opplæringa. Innhaldet omfattar informasjon, relevante verktøy til bruk i klasserommet og kunst- og kulturfaglege artiklar.

Artikkelforfattarar

Johannesen og Krosshus er leiarar av forskingsgruppa for estetiske læreprosessar ved Universitetet i Søraust-Noreg.

Elisabeth Hovde Johannesen er førstelektor i norsk ved Universitetet i Søraust-Noreg. Her underviser ho i norskfaglege emne på lærarutdanningane, med særleg vekt på litteraturdidaktikk og estetikk. Forskingsområdet hennar er biletbøker, film, kunst, etikk, kjensler og estetiske læreprosessar. Johannesen er leiar av den årlege biletbokkonferansen på USN, campus Notodden, og er medlem av prosjektgruppa DKS + lærarutdanning = sant?!

Tone Cronblad Krosshus er førstelektor i drama og teater ved Universitetet i Søraust-Noreg. Der underviser ho i drama, teater og estetiske læreprosessar på lærarutdanningane. Forskings- og utviklingsområdet hennar er anvendt teater, kunst som kunnskap, estetiske læreprosessar, estetisk praksis som demokratisk danning og kunstformidling.

Krosshus er prosjektleiar for piloten DKS + lærarutdanning = sant?!

Kontaktinformasjon

Elisabeth Hovde Johannesen

E-post: Elisabeth.H.Johannesen@usn.no

Tone Cronblad Krosshus.

E-post: Tone.C.Krosshus@usn.no

Kulturtanken

Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg er ein statleg fagetat for kunst og kultur til barn og unge. Kulturtanken har det nasjonale ansvaret for Den kulturelle skolesekken og er underlagt Kulturdepartementet, som i arbeidet med DKS samarbeider med Kunnskapsdepartementet.

Kontaktinformasjon:

Bente Aasheim.

E-post: baa@kulturtanken.no

Foto

Marte Glanville, Kulturtanken.

Finn fleire ressursar på nettsidene våre:

www.kulturtanken.no

www.dks.no